



Notat

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/914-1

Dato
13.01.2014

Samla plan for omkøyringsvegar - Svar på oversendingforslag

Samla plan for omkøyringsvegar – Svar på oversendingingsforslag

I samband med handsaming av melding nr. 137/13 på møte i samferdselsutvalet 23.10.13 gav representantane Tom Skauge (Sv) og Einar utro (H) uttrykk for at ein i samband med vegstengningar burde ha ein plan for omkøyringsvegar i fylket.

Samferdselsavdelinga sendte i brev av 31.10.13 oversendingforslaget frå samferdselsutvalet over til vidare handsaming i Statens vegvesen. Det ligg no føre savar frå Statens vegvesen i brev av 03.01.14 (sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til brevet frå Statens vegvesen, og har elles ikkje nokon merknader.

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:	Sakshandsamar/innvalsnr:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region vest	Kaisa Tonheim Banne - 55516273	2013/107500-005	201307174	03.01.2014

Samla plan for omkøyingsveger - Oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Statens vegvesen viser til oversendingsforslag sendt 31. oktober 2013 frå samferdselsutvalet angående behov for ein samla plan for omkøyingsvegar i Hordaland.

Statens vegvesen Region vest utarbeidde for fleire år sidan planar for omkøyingsveger som sidan har vore brukt ved både planlagde og ikkje-planlagde vegstengingar. Det kartleggingsarbeidet som vart gjort i Region vest, var ein del av eit nasjonalt prosjekt. Dei andre regionane valde ulike måtar å presentere omkøyingsplanane sine på. Tanken var at alle regionane skulle over på same plattform når kartleggingsjobben var fullført. Av ulike grunnar stoppa dette nasjonale prosjektet opp. No er det nasjonale prosjektet starta opp igjen.

Planen er no å få på plass ein testversjon av ei elektronisk løysing for utarbeiding, lagring og bruk av omkøyingsplanar innan utgangen av januar 2014. Denne løysinga vil vere knytt opp mot VegCIM, og er utarbeidd at OneVoice, i samarbeid med fagmiljø i Statens vegvesen.

Nokre stikkord om den nye løysinga:

- Omkøyingsalternativ til identifisert stengingslenke (punkt A til punkt B) vert vist automatisk i kart
- Skiltplanar kan lenkast rett til predefinerte omkøyingsruter i verktøyet
- Tilrådte («første val») omkøyingsruter vil bygge på *predefinerte* stengingslenker – dette for å gjere det mogleg å utarbeide skiltplanar, innkjøp/pooling av naudsynte skilt på rett stad og ev. fysisk plassering av skilt ved veg for omkøyingsruter for dei mest kritiske rutene.
- Informasjonsgrunnlag vil vere knytt til skilt/objektvarsel i vegloggen og data frå NVDB
- Einheitleg system for heile landet – vil gjere det enklare å samanstillе og dele omkøyingsplanar på tvers av regionsgrenser, fremje erfaringsoverføring mm.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Det som kvar region må gjere framover (2014), er

- Å redefinere stengingslenkene vi allereie har på plass (sjå over), alternativt definere nye.
- prioritere dei strekningane som gjennom SAMROS 2013 (riksveg + rutevegnettet) er definert som dei mest sårbare strekningane
- gjennomføre SAMROS 2013 (grovanalyse for heile fylkesvegnettet etter same metode som for rutevegnettet), og på dette grunnlaget utarbeide tilsvarande omkøyringsplanar for denne delen av vegnettet.

I samband med arbeidet vårt med revisjon av fylkes-ROS for Hordaland fylkeskommune vil vi utarbeide ei oversikt over dei mest sårbare strekningane/objekta på hovudvegnettet i Hordaland. Dette arbeidet tar vi sikte på å fullføre i løpet av første halvdel av 2014.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing



Olav Finne
Avdelingsdirektør



Kaisa Tonheim Banne